

## **Ordensreglar ved Knarvik ungdomsskule**

Ordensreglane gjeld på skuleområdet og i skuletida, på veg til og fra skulen, og på arrangement skulen står for.

Vi ønskjer at skulen skal vera ein triveleg arbeidsplass for elevar, lærarar og andre tilsette. Dei to sistnemnde gruppene har fått særskilde retningsliner for arbeidet sitt. Elevane treng også nokre reglar å retta seg etter.

- ***Knarvik ungdomsskule har null toleranse mot mobbing, krenkande ord og handlingar.***
- ***Skulen vil vi halda ryddig, rein og fin.***
- ***Vi tek godt vare på alt utstyr og læremiddel, og legg derfor varebind på lærebøkene.***
- ***Alle skal bidra til arbeidsro i læringsmiljøet og klassen eller på gruppa***

Vi møter presis til timane og har bøker og anna utstyr klart når timen byrjar.

- ***Av omsyn til andre elevar skal vi ikkje opphalda oss på toaletta unødvendig.***

Vi forlet toalettet slik vi ønskjer å finna det.

- ***I garderoben heng vi yttertøyet og set frå oss uteskoa.***
- ***Alle verdisaker må vi sjølv passa på.***

Pengar, gymtøy og andre verdisaker tek vi med inn i undervisningsrommet, for skulen har ikkje erstatningsansvar om noko kjem bort.

- ***Om du skadar noko for skulen eller medelevar, skal du straks melda frå til ein voksen.***

I enkelte saker vil rektor vurdera om du må betala for det som vert øydelagt.

- ***All bruk av elektronisk utstyr som kan kommunisere, til dømes mobiltelefon, ipod, nettbrett, pc osb., er forbode på Knarvik ungdomsskule.***
- ***Du må halde tidsfristar***
- ***Vi har høve til å vera inne i vestibylen og i tilviste område i friminutta, sjølv om alle har godt av å vera ute i frisk luft.***
- ***Farleg leik, t.d. snøballkasting, er forbode.***
- ***Alle må retta seg etter instruksar frå dei vaksne.***
- ***Det er forbode å nytta eller ha med seg tobakk, snus og rusmidlar på skulen.***
- ***Brus og snop tek vi berre med dersom skulen tillet det ved spesielle høve.***

- ***Vi held oss på skulen sitt område i skuletida.***

VIKTIG Å HUGSA PÅ:

*Du må ha løyve frå kontaktlærar for å forlata skuleområdet i skuletida.*

*Dersom du ber om fri, har vore borte frå skulen, eller ikkje hatt høve til å gjera heimearbeidet, må foreldra dine eller dei føresette gi melding til kontaktlæraren din.*

*Er du borte frå skulen meir enn to dagar, må heimen din melda frå til kontaktlæraren.*

*Skal skulen vera ein god stad å vera, må alle i skulesamfunnet respektera og hjelpa til slik at reglane ovanfor vert følgde. Dersom ein elev likevel bryt ordensreglane, og kan lastast for dette, skal ein av dei tilsette snakka med eleven. Det vert ført merknad på orden eller åtferd på eleven.*

Skulen har desse tiltaka ved brot på reglane:

1. Samtale med elev.
2. Samtale med foreldre/ skriftleg melding heim
3. Orden eller åtferdsmerknad.
4. Attsitjing
5. Nedsett åtferds- eller ordenskarakter
6. Foreldre må koma på skulen og ha tilsyn med eleven.
7. Utvising resten av dagen og inntil tre dagar.
8. Ved gjentekne brot på ordens- og åtferdsreglane kan eleven verta delvis eller heilt utelukka frå arrangement i skulen sin regi.

Før disiplinære tiltak verte sette i verk, skal dei føresette og eleven ha høve til å gjera greie for sitt syn.